Skatteetaten

Datoen vår	Datoen din/dykkar	Sakshandsamar
13.01.2020	23.08.2019	Henning Waldemar
800 80 000	Referansen din/dykkar	Telefon
Skatteetaten.no	AR333215044	94821248
Org.nr	Referansen vår	Postadresse
974761076	2019/6338384/nhj	Postboks 9200 Grønland 0134 OSLO

NORSKE NATURTERAPEUTERS HOVEDORGANISASJON
Skippergata 9
0152 OSLO

Att: John Petter Lindeland

Svar på førespurnad om meirverdiavgift - alternativ behandling

Vi visar til din førespurnad av 23. august 2019 med spørsmål om meirverdiavgift for alternativ behandling.

I førespurnaden er det opplyst fylgjande:

"Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH) er gjort merksam på ein brosjyre frå Skatteetaten datert mai 2018 – Alternativ behandling – merverdiavgift eller ikke?

NNH har gjennom fleire år informert våre medlemmer med utgangspunkt i Finansdepartementet sin tolkinguttale datert 11.12.2008.

Her presiserer departementet blant anna i pkt. 1 – siste avsnitt: *Forutsetningen for å bli omfattet av unntaket vil heretter bli om utøveren er registrert i registeret, ikke hvilken type terapi man driver.*

Nemnde brosjyre frå Skatteetaten skapar tvil om tolking av regelverket. Under punktet – Betydningen av å stå i Registeret for utøvere av alternativ behandling – er det i to kulepunkt framført fylgjande:

- Hvis en utøver som for eksempel bare er registrert som massør, behandler en kunde kun med homøopati, vil denne omsetningen være avgiftspliktig (se unntaket som omtales under Helhetlig behandling.)

- Dersom vedkommende er registrert med tittel for både homøopati og massasje, vil begge terapiformende være unntatt.

NNH ynskjer å få innsyn i kva lovheimel skatteetaten byggjer ei slik tolking på, og kva slags fagleg grunnlag etaten har når det gjeld å definera kva som i brosjyren er framført som *"helhetlig behandling".* Vår innsikt er at dette varierer frå terapeut til terapeut."

Skattekontorets vurdering:

Innleiingsvis gjer vi merksam på at uttalen er rettleiande og berre gjer uttrykk for etatens syn på dei spørsmåla som er stilte, basert på framlagt faktum. Dette inneber at konklusjonen ikke er bindande verken for innsendar eller skatteetaten.

Utgangspunktet er at ein skal berekne meirverdiavgift ved omsetning av alle varer og tenester, med mindre det gjeld unntak eller fritak, jf. meirverdiavgiftsloven (mval.) § 3-1 første ledd.

I mval. § 3-3 første ledd framgår fylgjande:

"Omsetning og formidling av alternativ behandling er unntatt fra loven dersom tjenestene ytes fra yrkesgrupper med autorisasjon eller lisens etter helsepersonelloven eller av utøvere som er registrert i det frivillige registeret for utøvere av alternativ behandling etter lov 27. juni 2003 nr. 64 om alternativ behandling av sykdom mv. § 3."

Det er alternativet med utøvarar som er registrert i det frivillige registeret som er aktuelt i denne saka.

Ordlyden i mval. § 3-3 første ledd løyser etter skattekontorets meining ikkje spørsmålet om det er nok å vera registrert i registeret, eller om ein må vera registrert for alle dei behandlingsformene ein behandler tilbyr i sin praksis, for å kome inn under unntaket.

Det er då naturleg å sjå til lov om alternativ behandling av sykdom mv. med tilhøyrande forskrift.

I lov om alternativ behandling av sykdom mv. § 1 og forskrift til loven § 1 framgår fylgjande:

"Lovens formål er å bidra til sikkerhet for pasienter som søker eller mottar alternativ behandling samt å regulere adgangen til å utøve slik behandling."

"Registerordningen for utøvere av alternativ behandling skal bidra til økt ivaretakelse av pasientsikkerhet og forbrukerrettigheter for den som oppsøker en registrert alternativ behandler, samt bidra til seriøsitet og forretningsmessig ordnede forhold blant utøvere av alternativ behandling."

Desse føremåla taler etter skattekontorets meining for at ein som driv med alternativ behandling må vera registrert i det frivillige registeret for utøvarar av alternativ behandling for alle dei behandlingsformene han utfører, for at unntaket for merverdiavgift i mval. § 3-3 første ledd skal gjelde. Det er berre ved å vera registrert i registeret at omsyna til pasientsikkerhet og forbrukarrettighetar mv. kan ivaretakast.

Det som er sagt i Finansdepartementets tolkningsuttale må vurderas i samanheng med korleis unntaket i meirverdiavgiftsloven var før, nemleg at alternative behandlingsformer som var unntatt frå merverdiavgift var særleg nemnde. Så lenge ein er registrert i registeret for dei behandlingsformane ein utfører, vil unntaket difor gjelde fleire behandlingsformar enn etter dei tidligare reglane.

Skattekontoret meinar derfor at den regeltolkinga som kjem til uttrykk i vår brosjyre av mai 2018 er riktig.

Når det gjeld spørsmålet om "helhetlig behandling", som det er vist til i brosjyra, byggjer dette på den generelle læra i merverdiavgiftsretten om sjølvstendige og samansette ytingar.

Utgangspunktet er at kvar yting skal vurderast for seg når det gjeld plikten til å betala meirverdiavgift, men hvis ei yting er ein del av ei yting er det meirverdiavgiftsreglane for hovedytinga som må leggjast til grunn.

Kva som er sjølvstendige ytingar eller samansette ytingar må avgjerast etter ei skjønnsmessig vurdering. Moment i ei slik vurdering kan vera kundens mål, ytingas særpreg, prising, kvalitet, innreiing, profilering, avtaleutforming mv. Dømet i brosjyra er illustrerande for kva som er ei samla yting eller fleire sjølvstendige ytingar. Det er meir informasjon om dette i Merverdiavgiftshåndboka punkt 4.1.3. Denne ligg på www.skatteetaten.no

Vi ber om orsak for den lange sakshandsamingstida.

Ver vennleg og vis til referansen vår ved seinare korrespondanse i saka.

Med helsing

Henning Waldemar
seniorskattejurist
Brukardialog, brukarkontakt
Skatteetaten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.